



Austrheim kommune,
Kommunehuset,
5943 AUSTRHEIM

Vår dato:

11.05.2020

Vår ref:

2020/3028

Dykkar dato:

12.02.2020

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

Austrheim kommune - godkjenning av budsjett 2020 og økonomiplan 2020 - 2023

Austrheim kommunestyre har i møte 12.12.2019, sak 086/19, handsama og vedteke budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Fylkesmannen skal difor føre kontroll og godkjenne budsjett og låneopptak.

- **Budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 - 2023 er godkjent.**
- **Låneramme på kr 6,5 mill. til VA-investeringar er godkjent. I tillegg er startlån til vidare utlån godkjent med kr 2,5 mill.**

Oppsummering av Fylkesmannens vurdering

Kommunen bør reelt ha netto driftsoverskot som er større enn minstenivået på 1,75 prosent av driftsinntektene. Dette er viktig for å starte oppbygging av disposisjonsfondet, i tillegg til å dekke inn det attståande meirforbruket.

Fylkesmannen si vurdering er at kommunen sitt disposisjonsfond bør vere minst kr 20 mill. (2019-kroner). Eit disposisjonsfond av denne storleik er nødvendig for at kommunen skal ha tilstrekkeleg driftsreserve.

Vi vil be kommunen avgrense lånefinansiering inntil vidare til følgjande investeringar:

- **avgiftsfinansierte VA-investeringar**
- **startlån til vidare utlån**
- **eventuelt andre investeringar, etter nærmere vurdering, som er fullt ut sjølvfinansierande gjennom auka inntekter**

Investeringar elles bør bli finansierte utan bruk av lån.



Kommunen bør ikkje ta opp andre lån før det attst  ande meirforbruket er dekt inn og kommunen har bygd opp eit tilstrekkeleg stort disposisjonsfond.

Som følgje av koronautbrotet får kommunane utfordringar med økonomien. Fylkesmannen vil følgje dette s  rskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

Budsjett 2020

Kommunen har budsjettet med kr 92,82 mill. i skatt på eige og inntekt for 2020. Kommunen sitt skatteniv   i 2019 var 103,1 prosent av landsgjennomsnittet.

Ordin  r skatt og rammetilskot er budsjettet med til saman kr 187,4 mill. Skatt og rammetilskot er ikkje budsjettet for h  gt samanlikna med inntektsprognose i statsbudsjettet. Det er stor uvisse knytt til inntektsutviklinga i   r p   bakgrunn av utbrotet av koronaviruset.

Stortinget har vedteke    auke innbyggjartilskotet til kommunane med kr 3,75 mrd. i samband med virusutbrotet. Kommunen sin del av dette utgjer kr 2,2 mill. Stortinget har også vedteke    auke rammetilskotet til kommunane med kr 1,0 mrd. som kompensasjon for bortfall av foreldrebetaling i barnehagar og SFO. Dette utgjer kr 514.000,- for kommunen.

Kommunestyret har gjort vedtak om    skrive ut eigedomsskatt «p   n  ringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av s  rskatteregl  ne for petroleum» med heimel i eigedomsskattelova § 3 f  rste ledd bokstav d. Skattesatsen er vedteken vidaref  rt med sju promille.

Skattesatsen er vedteken til sju promille p   det s  rskilte skattegrunnlaget, med heimel i overgangsregel i eigedomsskattelova.

Det er ikkje gjort vedtak om    innf  re eigedomsskatt p   andre eigedomar i kommunen, til d  mes p   bustader.

Det er budsjettet med kr 13,8 mill. i eigedomsskatt for 2020. Innkomen eigedomsskatt i 2019 var kr 14,4 mill.

Utbytte fr   BKK i 2020 kan reknast til om lag kr 2,6 mill. (0,43 prosent eigardel). Det er budsjettet med utbytte kr 5,0 mill. fr   Mongstad Vekst. Utbyttet m   vere i samsvar med lov og forskrift for 2020.

Det er budsjettet med utbytte fr   Havbruksfondet med kr 5,0 mill. F  rebels er det stor uvisse knytt til denne utbetalinger.

I kommunelova er det gitt minimumskrav for storleiken p   yrkelege ordin  re avdrag. Etter kommunelova paragraf 14-18 skal l  n til investeringar bli nedbetalt med yrkelege avdrag. Avdraga skal samla kvart   r vere minst lik storleiken p   kommunen sine avskrivingar i rekneskapsÅret, justert for den prosentdelen som l  negjelda utgjer av kommunen sine anleggsmidlar.

Det er budsjettet med kr 10,8 mill. i ordin  re avdrag (utanom avdrag p   formidlingsl  n). Dei budsjetterte avdraga oppfyller kravet til minimumsavdrag i den nye kommunelova.



Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd eit nivå for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, på minst 1,75 prosent for kommunane generelt.

I rekneskapen for 2019 er det eit netto driftsoverskot med om lag kr 6,4 mill. Dette utgjer 2,3 prosent av driftsinntektene i 2019. Det positive resultatet i 2019 har samanheng med høg skattevekst i fjor for kommunen som følgje av revisjonsstans på Mongstad-anlegget. Resultatet har også samanheng med innsparingstiltak som vil ha langsigkt effekt.

Etter netto avsetjingar er det eit mindreforbruk i rekneskapen for 2019 med om lag kr 4,1 mill.

Det er eit netto driftsoverskot i budsjettet for 2020 med kr 7,8 mill.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunen hadde etter årsrekneskapen for 2018 eit attståande meirforbruk med i underkant av kr 5,0 mill. Fylkesmannen legg til grunn at mindreforbruket i rekneskapen for 2019, kr 4,1 mill., blir nytta til inndekning av det attståande meirforbruket. Det attstående meirforbruket etter dette må bli dekt inn i 2020.

Det er budsjettet med eit netto driftsoverskot på kr 7,8 mill., som svarer til 2,8 prosent av driftsinntektene. Det tilrådde minstenivået for netto driftsoverskot generelt for kommunane er 1,75 prosent av driftsinntektene.

Fylkesmannen si vurdering er at netto driftsoverskot for kommunen bør vere større enn det tilrådde minstenivået generelt for kommunane. Det er viktig for å starte oppbygging av disposisjonsfondet, i tillegg til å dekke inn det attståande meirforbruket.

Investeringsbudsjettet 2020

I 2020 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 19,4 mill. Av dette utgjer avgiftsfinansierte investeringar i vassverk og avlaup til saman kr 15,0 mill.

I budsjettet er investeringane planlagt finansierte med bruk av lån, kr 15,0 mill., og sal av eigedom, kr 4,4 mill.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2019 kan reknast til kr 275,5 mill., eller om lag kr 94.800,- per innbyggjar. Pensjonsforpliktingar er ikkje rekna med i dette beløpet for lånegjeld. Brutto lånegjeld ved utgangen av 2019 var 102,9 prosent av driftsinntektene. Landsgjennomsnittet for 2019, utanom Oslo, var 110,5 prosent.

Eit høgt skattenivå i tidlegare år har bidrge til at kommunen har hatt grunnlag for å ha relativt høg gjeld. Med eit svakare skattenivå i dei siste åra, har grunnlaget for å bere gjelda blitt svekka.

Som Robek-kommune etter kommunelova § 28-1 skal departementet etter § 28-3 godkjenne opptak av lån. Departementet har delegert dette myndet til fylkesmannen.



Fylkesmannen sin kommentar

Kommunen er i ein krevjande økonomisk situasjon med gjenståande meirforbruk og manglende disposisjonsfond. Fylkesmannen tilrår difor kommunen å avgrense nye låneopptak i stor grad. Vi vil be kommunen avgrense lånefinansiering inntil vidare til følgjande investeringar:

- avgiftsfinansierte VA-investeringar
- startlån til vidare utlån
- eventuelt andre investeringar, etter nærmere vurdering, som er fullt ut sjølvfinansierande gjennom auka inntekter

Investeringar elles bør bli finansierte utan bruk av lån. Slik finansiering kan vere sal av eigedom og investeringstilskot m.m.

Kommunen bør ikkje ta opp andre lån før det attståande meirforbruket er dekt inn og kommunen har bygd opp eit tilstrekkeleg stort disposisjonsfond.

Det er budsjettet med VA-investeringar i 2020 med kr 15,0 mill. Desse vil delvis bli finansierte med bruk av unytta lånemidlar, inntil kr 8,5 mill.

Fylkesmannen godkjenner på denne bakgrunn låneopptak kr 6,5 mill. til VA-investeringar i 2020.

Kommunestyret gjorde 13. februar d.å. vedtak om å ta opp lån kr 2,5 mill. i nye startlån til vidare utlån. Fylkesmannen godkjenner vedtaket.

Fylkesmannen kan godkjenne eit eventuelt kommunestyrevedtak om å auke den samla ramma for startlån til vidare utlån med inntil kr 2,0 mill. for i år. Ramma for startlån til vidare utlån kan med dette kunne bli utvida til kr 4,5 mill. for 2020. Bakgrunnen for dette er Stortinget sitt vedtak før påske om å auke Husbanken sin utlånsramme for i år.

Investeringskostnad til desinfeksjonsmaskin er rekna til om lag kr 230.000,-. Denne blir finansiert med bruk av unytta lånemidlar. Faktiske VA - investeringar i år vil bli lågare enn det som er budsjettet som følgje av etterslep i gjennomføringa. Investering i desinfeksjonsmaskin skal difor ikkje auka samla investeringskostnader i år utover det som er budsjettet.

Økonomiplan 2020 - 2023

Det er lagt opp til årlege netto driftsoverskot i økonomiplanperioden med kr 7,8 mill. Det er planlagt å styrke disposisjonsfondet kvart år i økonomiplanperioden med om lag kr 4,0 mill.

Disposisjonsfondet var ved utgangen av 2019 berre kr 301.000,-.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunen sitt disposisjonsfond er heilt ubetydeleg. Det er nødvendig at kommunen opparbeider eit disposisjonsfond som driftsreserve på eit tilstrekkeleg høgt nivå. Fylkesmannen si vurdering er at kommunen sitt disposisjonsfond bør vere minst kr 20 mill. (2019-kroner). Kommunen bør opparbeide disposisjonsfondet til dette nivået. Eit disposisjonsfond av denne storleik er nødvendig for at kommunen skal ha tilstrekkeleg driftsreserve.



Kommunen må reelt ha netto driftsoverskot i år og i dei neste åra som er tilstrekkeleg store til å byggje opp disposisjonsfondet. Når kommunen har opparbeidd eit tilstrekkeleg stort disposisjonsfond, bør netto driftsoverskot i større grad setjast av til finansiering av investeringar.

Kommunen bør legge til grunn ein handlingsregel som avgrensar låneopptaka vesentleg inntil disposisjonsfondet er bygd opp til eit tilstrekkeleg høgt nivå, uavhengig av om kommunen eventuelt blir teken ut av Robek-registeret i 2021.

Vedtak:

Fylkesmannen skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Austrheim kommune etter kommunelova § 28-3. Vi har føreteke kontrollen, og Austrheim kommune sitt budsjett- og økonomiplanvedtak for 2020 - 2023 er godkjent med ei låneramme på kr 6,5 mill. til VA-investeringar.

Fylkesmannen har i tillegg godkjent vedtak om å ta opp startlån kr 2,5 mill. til vidare utlån.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent